



Tekst & musikk
**FREDDIE
LANGRIND**

FREDLØYSA

(parvise til Fridomen)

Otte er fredlaus og motlaus

Eg går her i dimme med dommen om døden

- Og ljåen er klargjort for skår -

Eg ferdast åleine i dulsmål og mørke

- Og fredløysa rår -

Dei kviskrar i krokar og haukar i marka

- Og ljåen er klargjort for skår -

Dei veit alt så vel, men var ikkje til stades

- Og fredløysa rår -

Han Ole og eg slåst med ærlege never

- Og striden var vitterleg vårr -

Eg stod der attende då han gjekk i bakken

- Og fredløysa rår -

Eg søkte til kyrkja høgt oppe i tårnet

- Ba Gud gi meg rettferd og kårr -

Han gav meg Synnøve, den eine, den reine

- mens fredløysa rår -

Synnøve står fast medan eg gjeng i sirklar

- Og ljåen er klargjort for skår -

Ho kjempar for far sin i djupner og lenkjer

- Og fredløysa rår -